

Notat  
Dato: 06.10.21  
Arkivsak:  
Saksbehandlar:

---

Til: Advokatfirmaet Kluge v/advokatane Anders Stenbrenden og Ida Grøstad

---

Frå: Fylkesdirektør Rune Haugsdal

---

## Oppdrag: Evaluering av varslingssak Måløy vgs

### Innleiing

Vestland fylkeskommune har handsama ei krevjande varslingssak ved Måløy vgs. Arbeidsgivar er oppteken av at alle tilsette i fylkeskommunen skal ha eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø. Sjølvे varslingssaka vert vurdert som handtert, ved at det no ligg føre rapport(ar) frå varslingsutvalet (rapport 1 og 2). I tillegg er arbeidsgivar og skulen godt i gang med reparasjonsarbeidet.

Innleiingsvis i prosessen vart fylkeskommunen si bedriftshelseteneste, Avonova, engasjert for å gjennomføre ei arbeidsmiljøkartlegging basert på bekymringsmelding frå fylkeshovudverneombodet og nokre hovudtilitsvalde om arbeidsmiljøet på Måløy vgs, og for å utarbeide grunnlag for varslingsutvalet sine vurderingar. Det ligg føre rapport frå arbeidet til Avonova.

Merksemda er no retta mot å få avslutta saka på ein god måte, i dialog med involverte partar. Det er sett i gang eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod, både på lokalnivå og fylkesnivå, og det vert arbeidd med tiltak saman med tilsette for å sikre eit godt psykososialt arbeidsmiljø for alle tilsette ved Måløy vgs. Det har vore mange aktørar i denne saka, og det har vore arbeidd både lokalt på skulen og i fylkesadministrasjonen. Tillitsvalde og vernetenesta har vore sterkt involvert. Som det alltid vil vere i slike sakar, søker fylkesdirektøren å finne læringspunkt, og det er utgangspunktet for dette oppdraget.

### Mål

Evalueringa bør ta for seg heile den konkrete varslingssaka frå første kontakt/mottak av varsel og fram til slutføring. Dette omfattar gjennomgang og vurdering av gjeldande varslingsrutinar, etiske retningslinjer, prosess/sakshandsaming og involvering i denne frå ulike aktørar. I tillegg bør evalueringa vurdere intern og ekstern kommunikasjon rundt saka.

Målet for evalueringa er å finne lærings- og forbetringspunkt slik at Vestland fylkeskommune kan styrke varslingsinstituttet ytterlegare. Dette omfattar handtering av varslingssaker med eitt eller fleire varslar/varslalar; grensegang, rolleforståing og samspel mellom varslingsutvalet og administrasjonen og aktørar som tillitsvaldsida og

vernetenesta mm. Fylkesdirektøren ynskjer mellom anna konkrete råd og tiltaksforslag som ein del av resultatet av denne gjennomgangen.

Evalueringssrapporten vil vere offentleg og bli lagt fram for m.a. fylkestinget og kontrollutvalet.

### **Nokre stikkord/område for evaluering (ikkje uttømmande)**

- Administrasjonen sine rutinar og arbeidsmetodikk
- Varslingsutvalet sine rutinar og arbeidsmetodikk
- Grensegang, rolleforståing og samspele mellom varslingsutvalet og administrasjonen
- Grensegang, rolleforståing og samspele mellom varslingsutvalet, tillitsvalde og vernetenesta
- Grensegang, rolleforståing og samspele mellom administrasjonen, tillitsvalde og vernetenesta

### **Informantar**

Aktuelle informantar vil, mellom anna, vere dei ulike aktørane på tillitsvaldsida (plasstillitsvalde og aktuelle hovudtillitsvalde), vernetenesta (lokalt og sentralt), varslingsutvalet, varslarar og omvarsla, eventuelt andre tilsette ved skolen, Avonova samt administrasjonen både ved avdeling for Opplæring og kompetanse, HR-konsern med fleire.

### **Vidare framdrift**

Fylkesdirektøren ber om at leverandør utarbeider ei skisse til tilnærming og framdrift for evalueringa.

Det er ønskjeleg at evalueringssrapporten legg føre innan utløpet av november d.å.